



# Kommunal plan for entreprenørskap i Luster kommune 2009 -2012



## **Innhald**

<b>1. Innleiing</b> .....	<b>3</b>
1.1 Nasjonale føringar.....	3
1.2 Fylkeskommunale føringar .....	4
1.3 Regionale føringar .....	4
1.4 Kommunale føringar .....	5
<b>2. Status</b> .....	<b>6</b>
2.1 Nasjonalt nivå.....	6
2.2 Sogn og Fjordane fylke .....	6
2.3 Sogn regionråd .....	6
2.4 Høgskulen i Sogn og Fjordane .....	7
2.5 Dei vidaregåande skulane .....	7
2.6 Luster kommune.....	7
2.6.1 Barneskulen.....	8
2.6.2 Ungdomsskulen.....	8
<b>3.Mål og strategiar</b> .....	<b>9</b>
3.1 Nasjonale mål og strategiar.....	9
3.2 Fylkeskommunale mål og strategiar .....	9
3.3 Regionale mål og strategiar .....	9
3.4 Kommunale mål og strategiar .....	9
<b>4. Resultatmål</b> .....	<b>10</b>
4.1. Mål for den enkelte barnehage og skule .....	10
4.1.1 Barnehagen.....	10
4.1.2 Barnesteget.....	10
4.1.3 Ungdomssteget.....	10
4.2. Felles resultatmål.....	10
4.2.1. Samarbeid med næringslivet .....	10
4.2.2. Samarbeid med vidaregåande skule .....	10
4.2.3 Samarbeid på regionalt nivå .....	11
<b>5. Gjennomføring og evaluering</b> .....	<b>12</b>
5.1. Suksessfaktorar.....	12
5.2. Planar .....	12
5.3. Rapportering og evaluering.....	12
<b>6. Definisjonar</b> .....	<b>13</b>

# 1. Innleiing

## 1.1 Nasjonale føringar

I læreplanverket for den 10-årige skulen (L-97) vart ordet entreprenørskap nemnt berre i samband med praktisk prosjektarbeid. Entreprenørskapstanken gjennomsyrrer likevel den generelle delen av læreplanen, jfr. omgrepet ”det skapande menneske, det arbeidande menneske og det samarbeidande menneske”.

Regjeringa la fram ein plan for ein heilskapleg innovasjonspolitik: *Frå ide til verdi* med fylgjande visjon: *Noreg skal vera eitt av dei mest nyskapande landa i verda, der verksemder og menneske med pågangsmot og skaparevne har gode mogelegheiter til å utvikla lønsame verksemder.* Entreprenørskap er eitt av fem område som er omfatta av innovasjonsplanen.

St.meld.nr 30 (2003-2004) – *Kultur for læring* vart lagt fram i april 2004. Denne meldinga legg rammer for den vidare grunnskuleutdanninga. Her vert det peika på entreprenørskap som eit viktig hjelpemiddel til å fornya opplæringa, mellom anna på ungdomssteget.

Opplæring i entreprenørskap er utvikling av både personlege eigenskapar, haldningar, formell kunnskap og dugleik. I samband med innføringa av den nye læreplanen ved skuleåret 2006/07, vart det innført eit nytt fag; programfag for val, for elevane. Dette faget har seinare skifta namn til utdanningsval.

Som ein del av satsinga på ein heilskapleg innovasjonspolitik la Regjeringa i 2006 fram ein strategiplan for entreprenørskap i utdanninga. ”*Entreprenørskap i utdanningssystemet skal fornya opplæringa og skapa kvalitet og mangfald for å fostra kreativitet og nyskaping*”.

Hovudmålet er at utdanningssystemet skal medverka til verdiskaping og innovasjon ved å stimulera kunnskap og dugleik, arbeidsglede og meistring, sjølvstende og felleskap hjå elevar, studentar og lærarar på alle nivå og utvikla ein kultur for entreprenørskap.

Felles mål for alle utdanningsnivå:

- Ein heilskapleg og godt forankra entreprenørskapssatsing som femner om offentleg og private aktørar
- Auka samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og nærings- og samfunnslivet
- Entreprenørskapsfokus i regional utviklingspolitikk
- Auka kontakt med utdanningssystem i andre land, auka kontakt med internasjonale nettverk og større mogelegheit for elevar og studentar til å få internasjonal erfaring
- Ei opplæring som gir variasjon og utfordringar på ulike læringsarenaer.

Mål i grunnskuleopplæringa:

- Skuleeigarar som legg til rette for entreprenørskap i opplæringa
- Elevar med sosiale og faglege ferdigheiter og haldningar som fremjar kreativitet og nyskaping
- Auka kompetanse hjå lærarane i skulen til å driva entreprenørskapsopplæring
- Skular som utviklar og brukar varierte arbeidsformer og nye metodar
- Fleire elev- og ungdomsverksemder på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring, og fleire elevar som deltek i desse
- Auka bruk av partnarskapsavtalar og liknande samarbeid med lokalt næringsliv.

## 1.2 Fylkeskommunale føringar

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sett i gang ein prosess der fleire aktørar er involverte for å setje entreprenørskap på dagsorden. Dette skjer strategisk gjennom fylkesplanen som under tema *Verkemiddel og arbeidsmåtar* har eit eige kapittel om *Nyskaping og entreprenørskap*, samt gjennom kompetansenettverk i samarbeid med fylkesmannen, høgskulen, Innovasjon Noreg og N HO.

Vidare er entreprenørskap eit gjennomgåande tema på ulike område i heile fylkesplanen:

- **Kompetanse og opplæring** – ” *bidra til nyskaping og nyetablering gjennom å styrke entreprenørskaphaldninga og kreativiteten hjå unge og vaksne*”,
- **Satsingsområde – Verdiskaping** – ” *for å sikre ei god industriutvikling i fylket, trengst det ei systematisk satsing for å få fram entreprenørar*”
- **Småskalanæringar** – ” *fremje entreprenørskap hjå enkeltpersonar, bedrifter, utviklingslag og lokalsamfunn*”
- **Tenesteyting** – ” *tilpasse verkemiddelapparatet slik at det vert innretta for å møte behova til kulturentreprenørane*”
- **Ungdom** – ” *Gjennom ungt entreprenørskap har det vore satsa spesielt med fagleg tilrettelegging, og bistand til oppretting av elev- og ungdomsbedrifter. Pr. i dag er det ungdomsbedrifter ved alle dei vidaregåande skulane i fylket. Dette er viktig for å nå alle, ikkje berre dei teoretisk flinke.* ”  
” *Fylkeskommunen vil legge til rette for kulturutfolding og entreprenørskap for ungdom*”

I Sogn og Fjordane er entreprenørskap i skulen eit satsingsområde gjennom fylkesprogrammet *Kompetanse og opplæring*, og handlingsprogrammet *Rom for alle – syn for den enkelte*.

## 1.3 Regionale føringar

På bakgrunn av negativ folketalsutvikling og strukturelle problem i næringslivet sette rådmannsgruppa i Sogn regionråd i mars 2006 ned ei arbeidsgruppe for å vurdere korleis ein kunne samarbeide om skuleutvikling med tanke på å snu den negative trenden. Dette resulterte i utviklingsprogrammet ”Sats på skulen – snu Sogn” Programmet vart forankra ved politisk vedtak i alle kommunane, og programperioden er sett til 2006 – 2012.

Programmet har følgjande målsetjingar:

- Meir kompetanse for den einskilde elev og eit bidrag til samfunnsutviklinga gjennom auka samarbeid om skuleutvikling i regionen.
- Skuleleiarane skal vere tydelege og endringsdyktige leiarar som skal setjast i stand til å nytte utdanningsval og entreprenørskap som eit verktøy for kommunane i samfunnsutviklinga.
- Kommunane skal sjå skuleutvikling i samheng med samfunnsutviklinga, og bruke skulen som eit verkemiddel for å styrke næringslivet og utnytte komparative fortrinn.
- Oppretthalde og vidareutvikle eksisterande fagnettverk i regionen.

Det skal leggjast ein plan for systematisk og langsiktig satsing på entreprenørskap i skulane der det skal satsast på kompetanseutvikling for leiarar og lærarar, forbetring av rådgjevarfunksjonen, og eit system for dialog med næringslivet.

All aktivitet i regi av Sogn regionråd/skuleregion indre Sogn som gjeld fellestiltak i høve til utvikling av skulen, bør vere relatert til dette programmet.

#### **1.4 Kommunale føringar**

Barnehagane og grunnskulen i Luster skal leggje til rette for at born og ungdom får god opplæring og kunnskap i entreprenørskap som kan stimulere til nyetablering. Alle elevane skal få øving i og høve til å utvikle dei kreative evnene sine gjennom arbeid med idear som dei kan vidareutvikle.

## 2. Status

### 2.1 Nasjonalt nivå

Entreprenørskap har vore praktisert i varierende grad i grunnopplæringa, og omfanget er ulikt frå fylke til fylke. Kva som vert lagt i omgrepet entreprenørskap vil og vere ulikt frå skule til skule, og lærarar i mellom.

### 2.2 Sogn og Fjordane fylke

Programstyret for entreprenørskap og nyskaping i Sogn og Fjordane ynskjer å vite kva konsekvensar systematisk satsing på entreprenørskap i skulen har hatt for elevar, lærarar, skuleeigarane og lokalsamfunnet. Forskingsmiljøet ved Kunnskapsparken i Bodø er engasjert for å gjennomføre FoU- studien og det er fyrste gongen ein nasjonalt nærmar seg feltet på ein så omfattande og heilskapleg måte. Fylkesmannen er representert i programstyret og koordinerer arbeidet med studien frå oppdragsgjevaren si side, medan fylkeskommunen finansierer oppdraget.

Undersøkinga tek mål av seg å telje tal elev- og ungdomsbedrifter i fylket. Det som i tillegg gjer studien unik er at ein og skal sjå nærare på m.a. kva haldningar og verdiar elevane utviklar, om det er etablert sterkare relasjonar mellom dei unge og lokalsamfunnet og kva som er suksessfaktorane for å lukkast med denne typen arbeid i skuleorganisasjonen.

#### Skule, lokalsamfunn og næringsliv

[Driftig.no](http://Driftig.no) er eit gründersenter på nett som skal gjere det lettare å etablere og å drive bedrift i Sogn og Fjordane. Her er tips om samarbeid mellom skule, lokalsamfunn og næringsliv, om etablerarstøtte, kurs og nettverk og om designsatsing, rekruttering og forskning.

Portalen er ein del av satsinga til programstyret i Entreprenørskap og nyskaping i Sogn og Fjordane som vil;

- ha nysgjerrige og skapande unge i barnehage og skule
- ha fleire nyetableringar i fylke
- at dei nyetablerte bedriftene skal bli lønsame
- at eksisterande bedrifter skal tenkje nytt
- ha levande lokalsamfunn

[Framtidsfylket.no](http://Framtidsfylket.no) er ein anna nettportal i same familien.

### 2.3 Sogn regionråd

Samarbeidet i Sogn og Fjordane vert samordna av fylkesmannen. Kvar region vil etter søknad få disponere om lag 100 000 kroner årleg til satsing på entreprenørskap, i tillegg til ulike felles ytingar som rettleiing ,deltaking i kurs eller nettverk og anna. Sogn regionråd fekk tildelt 150 000 kroner i 2008 til slikt arbeid.

Vilkåret for å kunne ta del i satsinga er:

- Entreprenørskap skal vere med i skulen sin utviklingsplan
- Kommunenivået skal utarbeide ein plan for entreprenørskap i skulen i kommunen
- Planen skal synleggjere ulike forankringar i det kommunale systemet og lokalmiljøa
- Den kommunale planen skal vere handsama i eit politisk organ eller vere godkjent av ordførar.

Regionen har og i gang leiarutdanning for 50 skuleleiarar i regionen, med entreprenørskap som hovudtema.

## **2.4 Høgskulen i Sogn og Fjordane**

Eit av satsingsfelta i etterutdanninga og i leiarutdanninga for skuleleiarar.

## **2.5 Dei vidaregåande skulane**

*Sogndal (teke frå skulen si heimeside)*

Entreprenørskap er eit satsingsområde ved Sogndal vidaregåande skule. Dette ligg i skulen sin utviklingsplan, og ein ser det att i det daglege arbeidet. Særleg yrkesfaglege studieretningar har lange tradisjonar når det gjeld samarbeid med næringslivet, både gjennom utplassering og ved at skulen har teke i mot jobboppdrag frå næringslivet. Målet er å sikre at utdanninga ungdomane får er relevant i forhold til den kvardagen dei møter når dei skal ut i arbeid.

Skulen har ungdomsbedrifter, partnerskapsavtalar med lokalt næringsliv, samarbeidsbedrifter, og nyttar Real i opplæringa.

*Luster (teke frå skulen si heimeside)*

Arbeid innanfor entreprenørskap vert eit stadig viktigare satsingsområde for skulen. Skulen ser det som viktig å ha eit nært samarbeid med det lokale næringslivet, samtidig som dei vil vere ein bidragsytar i regionalt utviklingsarbeid.

Dei områda skulen har satsa mest på i entreprenørskapsarbeidet til no, er å utvikle partnerskapsavtalar med bedrifter i nærmiljøet, i tillegg til i stadig større grad å nytte arbeid med Ungdomsbedrifter som ein del av opplæringa. På denne måten håpar dei å skape grobotn for entreprenørskapstanken hos elevane, og kanskje gjere det enklare for elevane sjølve å skape framtidige arbeidsplassar i fylket!

## **2.6 Luster kommune**

I Luster kommune prioriterer skulane av si råme til arbeidet med entreprenørskap. Næringsavdelinga er part i samarbeidet med skulane i prosjekt på dette temaet. Fleire av skulane i kommunen har hatt entreprenørskap på utviklingsplanen sin dei siste åra.

[www.skuleutvikling.no](http://www.skuleutvikling.no)

I planane frå skular finn ein i dag følgjande:

Entreprenørskap i skulen,  
Eksternt arbeid.  
Drive elevbedrift.  
Auke kunnskapen om å drive eigen bedrift

Betra kompetansen til skulen på entreprenørskap med hovudsatsing på barnesteget slik at entreprenørskap skal bli ein naturleg del av opplæringa på kvart klassesteg

Stort samarbeidsprosjekt med Hafslø barnehage og Luster vidaregåande skule for å laga heilskapleg opplegg for entreprenørskap på alle aldersstega .

Ha nært samarbeid med ulike aktørar i lokalsamfunnet.

Rapporten ”[Lustraidentitet](#)” vart vedteken i kommunestyret i februar 2009. I denne rapporten vart det skilt mellom ulike strategiar for identitetsbygging.

1. Kunnskapsbasert
2. Aktivitetsbasert
3. Identitetsbygging tufta på tryggleik i lokalsamfunnet
4. Formidlingsbasert identitetsbygging

Skulen og lag og organisasjonar vart peika ut som særskilt viktige arena for arbeidet.

[Kommuneplan](#), vedteken av kommunestyret i februar 2007, har under pkt. 3.2 Bu og oppvekstvilkår presisert at det skal arbeidast med entreprenørskap og identitet og at det skal stimulerast til nyetablering.

### **2.6.1 Barneskulen**

Fleire av barneskulane har utarbeidde entreprenørskapsplanar som har klare mål for kvart årstrinn. Det er og inngått partnerskapsavtalar med fleire bedrifter i kommunen. Skulane har mykje samarbeid med lag og organisasjonar i bygdene. Dette samsvarar med kompetansemåla og fagplanane i Kunnskapsløftet.

### **2.6.2 Ungdomsskulen**

Hafslo barne og ungdomsskule arbeider med prosjektet ”Entreprenørskap Luster. Dette er eit prosjekt som tek med barnehage, grunnskule og vidaregåande skule. Prosjektet er eit samarbeid mellom kommunen, fylket, næringslivet og NHO.

Luster ungdomsskule og Hafslo barne og ungdomsskule arbeider etter oppsett plan for kvart årssteg, der og ”Utdanningsval” er ein del av dette. Planen har klare mål for kvart årssteg, som heile tida viser til kompetansemåla og fagplanane i Kompetanseløftet.

Ungdomsskulen har partnerskapsavtalar med lokalt næringsliv. Elevane har elevbedrifter, og dei har delteke på entreprenørskapsmesse.

Den kommunale læreplanen for utdanningsval er grunnlaget for ungdomstrinnet.



## **3.Mål og strategiar**

### **3.1 Nasjonale mål og strategiar**

Hausten 2006 revidert strategiplan for entreprenørskap i utdanninga ” ...sjå mulighetene, - og gjer noko med dei”

Hausten 2008 evaluering av strategiplan for entreprenørskap i utdanninga ” ...sjå mulighetene, - og gjer noko med dei”

NOU 2008; 18 – Fagopplæring for framtida

### **3.2 Fylkeskommunale mål og strategiar**

Vegen vidare for Sogn og Fjordane - Fylkesplanen 2005 – 2008 , forlenga vidare til 2010  
Rom for alle – syn for den enkelte – mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane

### **3.3 Regionale mål og strategiar**

Utviklingsprogrammet ”Sats på skulen – snu Sogn” 2006 – 2012  
Skuleleiing i Sogn

### **3.4 Kommunale mål og strategiar**

- Byggje Lustraidentitet gjennom ein felles undervisningsplan
- Utdanne elevane til entreprenørskap
- Stimulere til nyetablering
- Gjennomføre årleg konkurranse om å vera beste nyskapar

#### **Utfordringar:**

Dei viktigaste utfordringane vil vere:

- For å styrke entreprenørskap i utdanninga må nøkkelpersonar som lærarar, elevar, skuleleiarar og skuleeigarar utvikle medvitne haldningar til verdien av entreprenørskap.
- Legge til rette for auka kompetanse hos lærarane. Dette føreset vilje til å prioritere etterutdanning innanfor entreprenørskap.
- Etablere god kontakt med næringslivet. Det er viktig å trekke lokale verksemder inn som samarbeidspartnarar.
- Integreere entreprenørskapstenkinga i heile utdanningsløpet frå barnehage til vidaregåande skule. Dette føreset ei heilskapleg tenking og samordning av planar og tiltak på dei ulike utdanningsnivå.

#### **Særlege utfordringar:**

- Svært mange små lag og organisasjonar å forhalda seg til
- Omfattande næringsliv med mange små arbeidsplassar – og svært mange typar arbeidsfelt og yrke
- Vidareutvikling av tiltak som me har før

#### **Arbeidsfelt for Luster kommune**

- Hospitering
- Tilretteleggje for fellesaktivitetar og temadagar
- Internasjonale erfaringar / samarbeid / venskapsskular – kommunar
- Ungdomens kommunestyre kan aktiviserast meir
- Store og flotte naturressursar som kan utnyttast

## **4. Resultatmål**

### **4.1. Mål for den enkelte barnehage og skule**

#### **4.1.1 Barnehagen**

- Borna skal bli kjende med barnehagen sitt nærmiljø og foreldra sine yrke.
- Borna skal bli kjende med ulike næringsvegar.

#### **4.1.2 Barnesteget**

- Elevane skal lære om ressursar i lokalsamfunnet og lokalt næringsliv.
- Det skal leggjast vekt på lokalt tilpassa undervisningsopplegg og samarbeid med kulturinstitusjonar.
- Elevane skal ha gjennomført prosjekt for å kartlegge ressursar knytt til arbeidsplassar/næringsliv.
- Skulane skal ha partnerskapsavtalar for å sikre at elevar og lærarar får høve til å gjennomføre bedriftsbesøk og hospitering.
- Elevane skal få øving i å etablere enkle elevverksemdar.
- Skulane skal ha kunnskap om entreprenørskap.
- Skulen skal delta på nettverkssamlingar

#### **4.1.3 Ungdomssteget**

- Elevane skal lære om lokal kommunal styring og forvaltning av næringslivet i regionen.
- Elevane skal ha vore til stades på eit kommunestyremøte.
- Elevane skal ha tilbod om utplassering i arbeidslivet.
- Skulane skal ha partnerskapsavtalar med ulike typar næringsliv.
- Elevar og lærarar skal ha høve til hospitering.
- Elevane skal ha yrkesrettleiing.
- Elevane skal få opplæring i bedriftsetablering og ha prøvd ut elevbedrift.
- Elevane skal ha prøvd ut elevbedrift.
- Skulen skal delta på nettverkssamlingar.

### **4.2. Felles resultatmål**

Alle elevane i grunnskulen i Luster skal få delta i Lustraskaparen, ein konkurranse der kreative idear og nyskaping får utvikle seg.

#### **4.2.1. Samarbeid med næringslivet**

Innarbeida organisert samarbeid med næringslivet og leggje til rette for vidareutvikling av gode idear.

#### **4.2.2. Samarbeid med vidaregåande skule**

Luster kommune vil samarbeide med dei vidaregåande skulane for å sikre samanhengande overgangar mellom skuleslaga, utveksle kompetanse og legge til rette for kompetanseheving. Dette kan m.a. gjerast gjennom partnerskapsavtalar, og gjennom felles rektor/fagnettverk.

### **4.2.3 Samarbeid på regionalt nivå**

Programstyret for Sats på skulen – snu Sogn

Skuleregionen

Fagnettverka

Rektor og rådgjevarsamlingar

## **5. Gjennomføring og evaluering**

### **5.1. Suksessfaktorar**

Viktige faktorar for å lykkast er:

- Positiv haldning hos skuleleiinga
- God kompetanse hos lærarane
- Godt samarbeid med lokalt næringsliv
- God forankring hos politisk og administrativ leiing i kommunen
- Forankring i kommunale planar – økonomiplan og skulane sine utviklingsplanar

### **5.2. Planar**

Resultatmåla skal innarbeidast i kommunen sin økonomiplan. Konkrete tiltak skal innarbeidast i skulane og barnehagane sine utviklingsplanar.

### **5.3. Rapportering og evaluering**

Resultatmål vert rapportert i tenesteplanane kvart år. I tillegg vil det vere ei felles årleg rapportering.

## 6. Definisjonar

- **Entreprenørskap** i utdanningssystemet er ein dynamisk og sosial prosess der individ, åleine eller i samarbeid, identifiserer moglegheiter og gjer noko med dei ved å omforme idear til praktisk og målretta aktivitet, det vere seg i sosial, kulturell eller økonomisk samanheng.
- **Entreprenørskapskompetanse** er personlege eigenskapar og haldningar som evne og vilje til å ta initiativ, nytanking og kreativitet, risikovilje, sjølvtrillit – og kunnskap og dugleik
- **Elevverksemd** er eit pedagogisk opplegg for grunnskulen der elevane lærer å driva eiga verksemd med lærarar og representantar frå næringslivet som rettleiarar. Gjennomføringa av ei elevverksemd kan variere frå nokre få veker til eitt heilt eventuelt fleire skuleår.
- **Ungdomsverksemd** er eit pedagogisk opplegg for vidaregåande skule som skal gje ungdom kunnskap om, røynsle i og forståing for arbeidslivet. Opplegget går ut på at ungdom går saman om å etablera ei verksemd som vert avvikla når skuleåret er over. Lærarane på skulen og mentorar frå næringslivet bidreg til utvikling av forretningsidé, oppstart og drift.
- **Partnerskap** er eit langsiktig forpliktande samarbeid mellom skule og lokalt arbeids- og næringsliv. Besøk på verksemda, prosjektarbeid for elevar, hospitering for lærarar, lærar som deltek på verksemda sine kurs og forelesarar frå verksemda på skulen er noko av det ein avtale kan innehalde. Definisjonane er henta frå regjeringa sitt straegidokument.
- **REAL** – Rural Entrepreneurship through Action Learning, er eit opplæringsprogram utvikla i USA. Føremålet er å hjelpe ungdommen til å verte verande i eige distrikt gjennom å skape tilhøyre og identitet. Ungdom skal verte motivert til å ta initiativ og verte arbeidsskapar i staden for arbeidssøkjjar. Undervisningsopplegget er tilpassa dei ulike steg med Mini-REAL for barnesteget, Middle-REAL for mellomsteget og ungdomssteget, og REAL for vidaregåande opplæring og høgskule/universitet. Undervisningsopplegget er tilpassa norske tilhøve – REALNorge (Ivar Offerdal).

Fylkeskommunen prioriterer REAL-opplegget i si satsing på entreprenørskap, og høgskulen nyttar dette opplegget i si undervisning i entreprenørskap